



Utmark arkitektur AS
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2056 - 22/54463

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.07.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/149 Eikanger øvre

Tiltak: verkstad-/lagerbygg og frittliggende lager
Byggjestad: Gbnr: 212/149
Tiltakshavar: Gamle3 Hus Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Utmark arkitektur AS

Kommunen viser til søknad om rammeløyve for etablering av næringsbygg mottatt 03.03.2022. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittring for nabovarsel.
Vi har lagt til grunn at det ikkje ligg føre merknadar frå naboar slik de skriv, men ber om at kvittring av nabovarsel vert send inn. I oversend dokumentasjon ligg gjenpart av nabovarselet registrert to gongar, medan kvittringa manglar.
2. Grunnarbeidet må inngå i søknaden.
Eigedomen ligg i hovudsak innanfor delområde KBA4, men også innanfor KBA1. Det er berre gitt løyve til planering av del av arealet som ligg innanfor KBA1, jf. arkivsak 14/6930. Planering av resterande del av arealet må derfor inngå i søknaden.
3. Tiltaket vil også krevja dispensasjon frå rekkefølgjekravet i punkt 1.4.7, der det er sett krav om at heile gang- og sykkelvegen skal vera ferdig før utbygging i KBA3 og KBA4 tek til. Vi viser her til uttale frå Statens vegvesen, sjå vedlegg. Per i dag er det berre delar som er omsøkt og opparbeidd.

Ved ettersending av kvittring av nabovarsel og supplering av søknad om dispensasjon vil vi kunne behandla søknaden om dispensasjon i påvente av dokumentasjon knytt til grunnarbeidet.

Frist for innsending av tilleggsdokumentasjon vert sett til **31.08.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gamle3 Hus Eiendom AS

Bellgården 1

5003 BERGEN

Mottakarar:

Utmark arkitektur AS

Bellgården 1

5003 BERGEN